

# DET BRØLANDE AMERIKA: EIN DISKURSIV OG RETORISK ANALYSE AV KNUT HAMSUNS *I ÆVENTYRLAND*

Terje Hellesen

## Samandrag

*Denne artikkelen undersøker reiseskildringa I Æventyrland av Knut Hamsun som retorisk og diskursiv tekst. Eg gjer bruk av Systemisk-Funksjonell Lingvistikk, kritisk diskursanalyse og retorikk for å analysere korleis tankemåten til forfattere og protagonisten Hamsun utviklar seg i løpet av reiseskildringa, og for å vurdere i kva grad skildringa kan seiast å vere ideologisk-retorisk.*

## Nøkkelord

*Knut Hamsun, reiseskildring, diskurs, retorikk, ideologi.*

## Abstract

*This article examines the travelogue I Æventyrland by Knut Hamsun as a rhetorical and discursive text. Drawing on Systemic Functional Linguistics, Critical Discourse Analysis, and rhetoric, the article analyzes how the mindset of the author and protagonist Hamsun develops over the course of the travel narrative and assesses the extent to which the account can be considered ideological-rhetorical.*

## Keywords

*Knut Hamsun, travelogue, discourse, rhetorics, ideology.*

## Innleiing

Mellom Knut Hamsun sine tidlege psykologiske romanar og dei seinare romanane knytt til jord og heimstamn, kjem reiseskildringa frå Kaukasus, *I Æventyrland. Oplevet og drømt i Kaukasien* (1903). Litteraturvitaren Tore Rem skildrar utviklinga i forfatterskapen slik: «'Blodets hvirken' forstått som nervemystikk og subjektivitet har blitt til 'blodets bånd'» (2014, 117/120). Ein del Hamsun-forskning handlar nettopp om kvifor diktargeniet endar som tilhengjar av nazismen og Hitler-Tyskland. Det har vore vanleg å skilje mellom fiksjonsforfattere Hamsun og den politiske Hamsun. Denne «spaltinga» har blitt utfordra av lesingar som tematiserer Hamsuns vitalisme og ser denne som grunnleggjande i forfatterskapen. Vitalismen kan seiast å binde saman poetikken (skildring av eit umedvite sjeleliv i kontakt med naturen) og dei kulturkritiske aspekta (Boasson 2016; Vassenden 2012). Det er tale om ein «livets politikk» der det går om å etablere kontakt med livskraftene, og litteraturens evne til å skildre dette (Boasson 2016). Nyare ideologi-kritiske lesingar har teke til orde for å jamne ut skiljet mellom det litterære og det politiske (Dingstad 2021) samt innlemme andre sjangrar enn fiksjonsprosa i kanon (Zagar 2022).

Ein slik sjanger er reiseskildringane. Ei av desse, *I Æventyrland*, kom ut i 1903 etter ei reise gjennom Kaukasus. Hamsun gjorde saman med si første kone i 1899. Studiar som tek føre seg Hamsuns *I Æventyrland* fokuserer enten på det forteljar-tekniske (Wærp 2006; Storskog 2011; Conner 2016; Loria 2020; Fjågesund 2020), og/eller Hamsuns særeigne post-koloniale eller orientalistiske perspektiv med oppvurdering av islam og det enkle livet i aust (Oxfeldt 2005; Zagar 2009; Loria 2020; El Samad 2020). Sjølv om teksten er den første som verkeleg byr på reaksjonære antipatiar og vert til ved inngangen til Hamsuns mest reaksjonære polemiske fase (Ferguson 1996, 338; Dingstad 2021, 451), er verknaden reisa hadde for Hamsun sin tenkemåte, og den ideologisk overtydande funksjonen han eventuelt ville teksten skulle ha, i mindre grad undersøkt.

Ei reise inneber suksessive opplevingar og hendingar som kan setje i gang refleksjon og kreativitet, og kan difor tenkast å ha innverknad på den reisande sin tenkemåte. At reiselitteratur ikkje er nøytral, men bidreg til å forme lesaren si forståing av kultur og makt gjennom diskursive og retoriske strategiar, er velkjent (t.d. Pratt 1992; Melberg 2005; Taranco 2023). Reiselitteratur var alt ein populær sjanger ved hundreårskiftet. For Hamsun var både reisa i Kaukasus og skildringa av den viktig (t.d. Loria 2020, 307). Det er difor eit interessant spørsmål om forfattaren brukte reisesjangeren medvite for å formidle særskilde idear og tankar samt om reisa aktiverte eller reaktiverte desse. Mangel på stadfestande biografisk materiale gjer det naudsynt å vende seg mot teksten. Dette byr på utfordringar: Allereie undertittelen peikar på det usikre ved både fiksjonselementa og forfattarposisjonen, ei usikkerheit som generelt heftar ved sjangeren.

Det er òg ein svakheit med den følgjande analysen at den av plassomsyn er avgrensa. I tillegg kjem det at teksten og ikkje minst forfattaren/protagonisten er langt meir samansett og kompleks enn det denne kan yte rettferd. For å undersøkje om det skjer ei ideologisk utvikling i løpet av reisa og om Hamsun brukar språket argumentativt for å overtyde lesaren ideologisk, samt *korleis* han eventuelt gjer det, vil eg gjere bruk av systemisk funksjonell grammatikk (SFL) i kombinasjon med kritisk diskursanalyse (KDA) og retorisk analyse for slik å kople funn i teksten til samfunnsstrukturelle aspekt. Det finst mykje forskning på Hamsun og ideologi (t.d.: Ferguson 1996; Zagar 2009; Rem 2014; Dingstad 2021), men så langt eg kan sjå ingen som gjer bruk av SFL og KDA. Metoden er etablert i internasjonal litteraturforskning (t.d. Fowler 1986), men er lite brukt på norsk skjønnlitteratur generelt og på Hamsun spesielt. Artikkelen er slik også eit metodisk bidrag som plasserer seg i eit pragmatisk perspektiv på bruken av systematiske og eksplisitt empiriske metodar i litteraturvitskapen (t.d. Rønning 2014; Boasson & Malvik 2019), idet metodologien er både kvantitativ og kvalitativ.

## Teori og metode

Fokuset på korleis språk/tekst skapar mening i samspel med kontekst gjer SFL relevant for å undersøkje utvikling av tankemåte i *I Æventyrland*. I SFL forstår ein språket som funksjonelt og prosessuelt. Ein er oppteken av språket i bruk og at det har formål knytt til samanhengen der det vert nytta, samt at mening vert skapa og forhandla i språkbruk. Språk er då forstått som eit semiotisk system organisert kring val, strukturert slik at det på ei og same tid kan uttrykkje ideasjonell mening (erfaring om verda), mellommenneskeleg mening (relasjonar) og tekstleg mening (samanheng i tekst) (Halliday & Mathiessen 2014). Mening vert skapa som tilhøvet mellom struktur, prosessar, deltakarar og omstende. Relasjonen mellom desse kategoriane utgjer det ein i SFL kallar transitivitetssystemet. Sidan språk som semiotisk system også er eit

spørsmål om (ord-)val (Eggins 2004), følger det at måten ein vel å byggje opp setningane på kan seie noko om korleis ein tenkjer eller kva ein meiner. I den følgjande analysen skal eg fokusere på den ideasjonelle metafunksjonen, som omfattar mening om fenomen i verda. Dette både fordi den er særskilt relevant i høve ideologianalyse, men òg fordi omfanget av analysen elles vert for stort.

Analysen vil prøve å få fram den ideasjonelle meninga ved å fokusere på leksiko-grammatiske val i transitivitetssystemet i deler av Hamsuns tekst. Framgangsmåten går ut på å samanlikne utvalde prosesstypar og rekkjer av ord i høve leksikalsk kohesjon, altså samanhengen mellom innhaldsorda i teksten (t.d. substantiv, verb, adjektiv og adverb). Slik vil eg sjå nærare på kva prosesstypar som er dominante og taksonomien og klassifiseringa av bestemte emneord. Eg avgrensar dette ved å velje nokre verba som uttrykkjer mentale prosessar som eg gjer ein taksonomi av for kvar del (former for føle, tenke, sjå, ane, merke, synest, hugse). Dette gjer eg for å sjå om fordelinga av typar mentale prosessar som kjem til uttrykk endrar seg frå del til del. Eg nyttar her både fysisk bok og søkjefunksjon i digitalisert bok (nb.no).

Eg vil så gjere ein analyse av leksikalsk kohesjon knytt til eit utval av emneord relatert til formålet med analysen. Emneorda eg har valt er: Jøde, autoritet (som ideal), natur, kosakk, kaukasiar, folk (folkeslag), moderne og minne (huske). Tanken er at ei nærare undersøking av kohesjon i samband med desse emna vil få fram spor av haldningar/ideologi ved å sjå på t.d. adjektiv og verbprosessar i samband med dei. Utvalet av emneord er gjort på bakgrunn av dei tema eg meiner vert særskilt handsama i teksten og som kan tene til å kaste lys over formålet med analysen. Deretter vil eg analysere eit tekstutdrag frå kvar del av Hamsun si bok og sjå nærare på kva prosesstypar som finst i verbala.

For å vurdere korleis meninga i teksten er knytt til eit sett av meningar i vidare forstand, koplar eg SFL-analysen til element frå kritisk diskursanalyse. Sosiolingvisten Norman Fairclough si tredimensjonale diskursanalyse byggjer på språksynet i SFL, men fokuserer på makt og ideologi, altså kva språk *gjer i samfunnet*. Tekst-dimensjonen i Fairclough sin modell handlar om språkleg analyse av teksten, diskursiv praksis-dimensjonen spesifiserer korleis prosessane for produksjon og tolking av teksten er, og dimensjonen for sosial praksis har med den diskursive hendinga sine institusjonelle og organisatoriske omstende å gjere (Fairclough 1992). Slik får han fram at diskursar ikkje berre representerer sosiale einingar og relasjonar, men òg er med å skape dei, samt at ulike diskursar historisk kan vere utgangspunkt for skapinga av nye diskursar. Med ideologi forstår Fairclough: «...*significations/constructions of reality (the physical world, social relations, social identities), which are built into various dimensions of the forms/meanings of discursive practices, and which contribute to the production, reproduction or transformation of relations of domination*» (1992, 87). Konstruksjonane er mest effektive når dei vert naturleggjorte og fungerer som «common sense» i språkbruk. Ideologi er her knytt til ein dialektikk mellom (språkleg) struktur og hendingar. Når det gjeld tekst er det helst ulike aspekt ved *mening* som er infisert av ideologi, så som ordmening, presupposisjonar, metaforar og koherens. Det sentrale her vert korleis Hamsun nyttar særskilte omgrep, i kva grad desse står i meningssamanhengar som er gjengs i samtida og kva modell av røynda som vert uttrykt gjennom hans bruk av dei.

Også i SFL ser ein språket som influert av ideologi, forstått som medvitne og umedvitne verdiar og perspektiv (Eggins 2004, 10). Dette kan ein lese ut av situasjonskontekstens ulike nivå, ved å sjå på typar aktivitet og handling (felt), tilhøvet mellom deltakarane (relasjon) og korleis språket vert nytta (mediering). I SFL, som i kritisk diskursanalyse, handlar det om å identifisere dei punkt der røynda vert koda i språk på eit bestemt vis, altså der avsendar gjer

syntaktiske og semantiske val (Eggins 2004, 350; Grue 2011, 121). Men teksten må også tolkast ut frå ein breiare kontekst.

Som i kritisk diskursanalyse er det i SFL eit dynamisk samspel mellom ein konkret situasjonskontekst og ein kulturkontekst. Førstnemnde er realiseringar av sistnemnde (Maagerø 2005, 62). Nokre ord er kulturelt sett meir sentrale enn andre, og vert i kritisk diskursanalyse kalla *nøkkelomgrep*. Dette er omgrep som impliserer eit særskilt verdsbilete og særskilte handlingsmønster. Eg vil sjå i utvalet av leksikalsk kohesjon i SFL-analysen kva *nøkkelomgrep* som kan seie oss noko om tilhøvet mellom tekst og ideologi. Emneorda som er valt ut til undersøking av leksikalske kjeder er valt i tråd med analysens formål, og eg meiner difor det er sannsynleg at det blant dei finst nøkkelomgrep. Eg vil vidare knyte dette til det ein i kritisk diskursanalyse kan kalle *kategoriinndelingar*, *røynd-modellar* og *forteljingar* (Grue 2011, 121-128). Kategoriinndelingar og forteljingar kan nyttast til å utøve definisjonsmakt, og eg vil undersøkje i kva grad dette er tilfelle i utvalet som er gjort frå *I Æventyrland*. Eg vil her sjå om sentrale omgrep i materialet er uttrykk for særskilte modellar av røynda. Dette fokuset på ideologi i teksten gjer det òg naturleg å gjere bruk av retorisk teori (Kjeldsen 2009). Her vil eg gjere nytte av tropologi, då med vekt på metafor. Men eg vil òg sjå på argumentative aspekt ved utdraga frå *I Æventyrland*, og då med vekt på entymemet, epideiktisk tale, etos og topos.

## Analyse

Reisa i *I Æventyrland* tek til i St. Petersburg og kan grovt delast i 3 deler, der den første handlar om vegen inn i Kaukasus, den andre om reisa gjennom fjellriket, og den tredje om vegen ned att og inn i storbyen. Lesaren opplev turen gjennom forfattaren si sansing, forfattarens tankar og kjensler og dei møter han gjer. Tekstens fokus er altså kva eg-personen opplev og reflekterer over. Sidan formålet med artikkelen delvis er å undersøkje om det skjer ei endring i Hamsuns tenkemåte i løpet av denne reisa, vil eg analysere dei 3 delane kvar for seg og samanlikne desse.

### Tekstens første del, frå St. Petersburg til Vladikaukas (s. 1-47)

Det er former for «tænke», «se», «synes» (i tydinga «å meine») og «mærke» (i tydinga «å legge merke til») som har høgast frekvens av verb knytt til mentale prosessar i del 1 (Fig.1). Den høge graden av perseptuelle prosessar, samanlikna med affektive og kognitive, skil seg ut. Hamsun har ikkje vore i Kaukasus før, så det er rimeleg at han er mest oppteken av kva han ser. Det vert ikkje reflektert eller følt i særleg grad. Kohesjonsrekkjene (Fig.2), som stort sett tek utgangspunkt i abstraktar/fenomen, realiserer substantivistiske og adjektivistiske skildringar. Ordet «Jøde» realiserer nesten utan unntak negative uttrykk, via relasjonelle prosessar ved bruk av verbalet «er». Autoritet vert kopla til positive kjensler. Også her er ein relasjonell prosess sentral («*det er en nydelse at adlyde*»). Skildringane av natur vert realisert gjennom mentale prosessar, direkte eller indirekte.

Når det gjeld folk og folkeslag har eg spesifisert to kategoriar, nemleg Kosakk og Kaukasiar.<sup>1</sup> Vi ser at skildringar av desse vert realisert av positive adjektiv. Modernitet og minne får få utslag. Ved nokre høve realiserer kognitive prosessar minne som knyter det kaukasiske landskapet og den kaukasiske bondekulturen til det norske. Minna som knyter Kaukasus til det

<sup>1</sup> Hamsun synes å nytte «kaukasiar» i følgje med bruken av dette som rase-omgrep, medan «Kosakk» visar til den statsuavhengige samfunnsgruppa frå det gamle Russland, Ukraina og Polen.

norske vert helst utløyst av perseptive prosessar. Legg vi det jødiske saman med kosakk, kaukasiar og folkeslag, ser vi ei klar overvekt av ord knytt til dette i forhold til modernitet, minne, autoritet og natur. Starten på reisa inn i Kaukasus vert altså i hovudsak skildra gjennom perseptive prosessar knytt til naturen Hamsun reiser forbi, og affektive, kognitive og perseptive prosessar knytt til folkeslag. Dette stemmer også med typen verb knytt til mentale prosessar som vi finn i denne delen av *I Æventyrland* (96 treff på variantar av verbet «se», 20 «tenker» og 9 «synes»).

Vi ser av prosessane i verbala (Fig.3) at det handlar om samanlikning mellom dei føretrekte Kosakkane og andre. Dei er betre enn andre steppebuarar og jamvel dei fleste folk, slik dei vert framstilt som frie folk mot slutten av tekstutdraget. Det er i liten grad materielle prosessar på gang, det er lite kroppsleg og fysisk som skjer. Teksten handlar om å få fram ei meining, men dette skjer først og fremst gjennom samanlikning (klassifisering og identifisering). Det er difor klårt flest relasjonelle prosessar her, av typen intensiv prosess og omstende-prosess (t.d. setning 1 og 5). Dei mentale prosessane er affektive (følt) og persepsjonelle (lest): Hamsun har lest om Kosakkane og dette har gjort eit slikt inntrykk at han tyr til emosjonell prosess for å realisere skildringa. Den emosjonelle prosessen er knytt til superlativ («*inderligst/skjønnest*») som seier noko om den estetiske kvaliteten på den materielle prosessen som er omtala (song). Slik får den relasjonelle prosessen her ein polemisk funksjon ved å mane fram at kosakken er å føretrekke fordi han er slik som han er. For å få dette til å fungere, må Hamsun utføre evaluative semantiske samanstillingar. Den leksikalske kohesjonen viser at kosakk er knytt til «skjønnest» poesi, urinnvånar, krigar og fri mann.

Skal vi forstå dette argumentativt, så ser vi først at Hamsun knyter positivt ladde ord til Kosakken, så byggjer han opp ei sannsynleggjering av at Kosakken er best (epideiktisk utlegging). Han startar med å referere til omtale av kosakkens poesi. Deretter etablerer han bokstavelig tala ein felles grunn (steppene) og nemner andre folkegrupper som Kosakken deler området med. Men desse er innvandrarar. Underforstått, det er noko positivt med å vere urinnvånar. Så held Hamsun fram med å ramse opp føremoner med Kosakken (positivt ladde ord), før han avsluttar med at ordet kosakk tyder «fri mann». Sannsynleggjeringa spelar både på felles førestillingar og på etymologi. Slike *enthymem* byggjer nettopp på sannsynlege premiss som ikkje naudsynt er eksplisitte, og ikkje er gjennomførte logiske slutningar (Kjeldsen 2006, 173). Argumentets oversetning (premiss major) er at ei folkegruppe ikkje må underkaste seg ei anna. Det er elles verdt å merke seg at Hamsun alt frå byrjinga gestaltar seg som verdsvand storkar på ulike måtar (Hamsun 1903, 6). Dette kan tolkast som sjangerbrot (Storskog 2011, 26) eller humoreffekt (Fjågesund 2020, 97), men i eit retorisk perspektiv òg som etablering av etos.

### **Tekstens andre del, frå Vladikaukas til Tsjilkani (s. 47-103)**

I del 2 er det framleis ei overvekt av perseptive prosessar (Fig.4). Men no finn vi ei dobling av affektive prosesser samanlikna med del 1. Det mest markante er likevel at det er langt fleire treff på kognitive prosessar. Legg vi saman treffa på former for *tænke*, *mærke*, *synes* og *huske*, får vi ein sum som ikkje ligg langt unna talet på treff på former for *se*. I tillegg kjem det at graden av aktivitet også vert uttrykt gjennom litterære verkemiddel, til dømes kan minne uttrykkast gjennom innskotne assosiasjonar og similer. No har Hamsun og reisefølgjet vore på reise i fleire dagar, dei har blitt meir vande og refleksjonen får venteleg større plass i skildringa.

Det som er særmerkt med tanke på leksikalsk kohesjon i denne delen, er nedgangen i referansar til jødar og jødedom (Fig.5). Dei få referansane er likevel negative. Det kan vere fleire

grunnar til dette. Ein grunn er plass. I denne delen av boka utviklar Hamsun fleire større skjønner litterære grep, mellom anna eit politi-plot og eit erotisk eventyr. Teksten handlar no meir om møte og relasjonar samt refleksjonane desse utløyser. Fascinasjonen for autoritet og det kaukasiske folk er mykje godt den same, men nemninga Kosakk er ikkje lenger nytta. Det er rimelegvis litt færre referansar til natur, sidan reisa går høgare opp i fjella.

I motsetnad til førre del er det no fleire mentale prosessar i spel. Det er ei auke i (kritiske) referansar knytt til modernitet. Vi ser dette òg i auka av referansar knytt til ordet *minne*. Den sterke vekt på minne viser koplingar mellom det Hamsun ser og kva det utløyser i han av bilde og refleksjonar om det enkle livet han kjende frå barndomens Nord-Norge. Hamsun har på dette tidspunktet ikkje vore i Nord-Norge på tju år. Det enkle bondelivet i Kaukasus og Norge vert idealisert, og det er tydeleg at dette er mentale prosessar som vert sett i gang av perseptive prosessar. Hamsun kjenner seg heime i Kaukasus, både av respekt for eit folkeferd som har dei rette kvalitetar, og fordi naturen og leveviset minner han om noko verdfullt i eigen kultur. Dette enkle bondelivet set han imot trekk ved det moderne Europa og Amerika (kapitalisme, tidspress og forbrukarkultur).<sup>2</sup>

I tekstutdraget frå denne delen handlar det også om samanlikning, og difor er det her mange relasjonelle prosessar (Fig.6). Ein possessiv prosess skil ut Kaukasiaren som særeigen samanlikna med vesteuropearen. Det som byggjer opp til dette kjem no av egne erfaringar og refleksjon, i motsetnad til førre tekstutdrag der samanlikninga hadde referansar og Hamsuns lesnad som utgangspunkt. Prosessane er difor no i hovudsak materielle, mentale og relasjonelle. Også tekstutdraget viser at det no i mykje større grad er tale om mentale prosessar. Ser vi tekstutdraget under eit kan vi seie at det er ein mental prosess, nettopp fordi det er ei tankerekkje (bygt på emosjonar) som munnar ut i eit retorisk spørsmål (danna av ein relasjonell prosess): «*Men Europæerne og Yankee`erne er dog større Mennesker?*» (Hamsun 1903, 94)

Det som skjer her kan òg forståast argumentativt. Hamsun let lesaren leve seg inn i at staden er flott. Så kjem dei positive påstandane om Kaukasiaren, som i førre utdrag. Det er eit kjempande folkeslag, folketalet aukar (dei trivst) og dei lev i pakt med naturen. Også her er det implisitte premiss og bruk av presupposisjon: Lesaren må dele oppfatninga om at kampvilje er eit gode og at folketalesauke er eit teikn på trivsel. Like eins at det er positivt å leve i pakt med naturen. Her avsluttar Hamsun epideiktikken med eit retorisk spørsmål. Slik byggjar han opp ein retorisk argumentasjon som han tvingar lesaren til å ta stilling til.

### **Tekstens tredje del, frå Tsjilkani til Batum (s. 103-166)**

Verb knytt til dei mentale prosessane kognisjon og affeksjon utgjer her om lag halvparten samanlagt, samanlikna med dei som er knytt til persepsjon (Fig.7). Det er meir variasjon å sjå no når Hamsun kjem ned att frå toppane. Det er difor rimeleg at frekvensen av perseptive prosessar held seg. Hamsun reiser inn i store byar, han møter fleire folkeslag og ser modernitetens avtrykk. Det er rimeleg at dette avfødar tankar og assosiasjonar. I denne delen ser vi ein klår nedgang i det som særmerkte førre del når det gjeld kohesjon: koplinga mellom Kaukasus og Norge gjennom den mentale prosessen minne (Fig.8). Her er det ikkje slik at det Hamsun ser gjev han assosiasjonar til heimlandet. Grunnen kan vere at han vel å vidareutvikle politimannplotet. Han vel òg å diskutere russisk litteratur og den moderne forfattarrolla. Det vert også

---

<sup>2</sup> Hamsun vitjar Hamarøy etter Kaukasus-reisa og etter nokre år buset han seg der ein periode. Det er då han vert aktiv som reaksjonær og anglofob meiningsytrar (Ferguson 1996, 246).

nytt plass på ei vurdering av kristendomens tilknytning til Zoroastrismen, og omtale av lokale ur-religionar generelt. Ei anna årsak er at Hamsun no reiser inn i dagens Georgia og dei store byane Tblisi og Batumi, noko som ikkje gjev dei same fellesreferansane som det han opplevde i fjella. Men denne delen inneheld ei langt større mengd av ord knytt til ulike folkeslag. Langs grøderikt landskap og inne i store handelsbyar er det rimelegvis fleire folkeslag å observere. Den positive haldninga til det kaukasiske folk står fast, men det engelske og engelskmannen vert karakterisert negativt.

Vi ser også ei auke i referansar til modernitet. Især er det tale om industri knytt til utvinning og destillasjon av olje. Dette koplpar Hamsun til utlegginga si av lokal religion og får slik polemisk fram poenget om (den amerikanske) industriens «brølande» inntog i eit heilagt område: «*Denne Larm av Maskiner har ikke oprindelig hørt dette Sted til, Amerika har vanhelliget det og bragt ind sit Brøl i Helligdommen*» (1903, 145). Dette brølet vert her ein metafor for industrialismen. Hamsuns modernitetskritikk utspeler seg også meir indirekte, som til dømes ved å kople engelsk nyttefilosofi til det essayistiske partiet om litteratur. Meininga her er at denne nyttetenkinga har ført til ein realisme og eit fokus på å skildre røynda på eit vis som har gjort forfattarane til meiningsprodusentar i staden for diktarar. Modernitetskritikken femner også om bankvesenet, der Hamsun samanliknar banken med andre utsalsbodar. Også i denne delen er det karakteristiskar av jødar, og dei er alle negative. Vi legg òg merke til at det ikkje er referansar til autoritet som ideal i denne delen, slik det er i dei førre. Dette kan ha samanheng med at desse poenga alt er godt etablert.

I tekstutdraget frå denne delen er det ei overvekt av materielle prosessar i verbala (Fig.9). Hamsun vert vist rundt på eit fabrikkområde. Dei mentale prosessane knyter seg til dette. Det er berre ein av dei som er kognitive, resten er persepsjonsprosessar. Lyden av eld vert skildra antropomorft og som noko trugande Hamsun *opplev*. Dette er ei viktig setning i utdraget, der Hamsun nyttar den same retoriske teknikken som i førre utdrag; han byggjer opp til ein polemikk ved å ta lesaren med gjennom ei erfaring for til sist å skape ein motsetnad. Utdraget verkar slik retorisk ved å setje det menneskelege opp mot fabrikk. Dette kan vi knyte til det «amerikanske brølet» som den leksikalske kohesjonen viste oss at Hamsun polemiserer mot. Her i dette utdraget vert lyden frå den rasande elden ein metafor for dette brølet. Eit brøl Hamsun tek stilling til ved å vende det ryggen og søkje seg vekk, for slik å finne attende til noko han ser som meir menneskeleg.

Også her vert det altså bygd opp ein entymemisk argumentasjon. Hamsun skildrar og ramsar opp, som var det noko klinisk og framandt over det han ser. Så knyter han negativt ladde ord til erfaringa (*forferdelig, hvitglød, forvirret, rasende ild*). På bakgrunn av desse skremmande bilda, skrive fram med bruk av skjønnlitterære verkemiddel (metafor), fortel han så ei historie om flykt. Det er så fælt der at han må flykte. Staden han skildrar er enten noko lesaren kjenner seg att i, og då vil vel Hamsun spele på attkjenninga og få lesaren med på utmalinga av varmen og lyden, eller så er det noko lesaren er framand for og noko skrekkeleg Hamsun kan få lesaren til å leve seg inn i. Så avsluttar han med å skrive at han ikkje får lov å rapportere frå staden, med andre ord er tilhøva kritikkverdige og forsøkt skjult. Han byggjer på dette viset opp premissa om at staden er utriveleg, farleg og lyssky. Dei to verbale prosessverba (*notere, bad*) gjer at forfattaren sjølv syner seg for lesaren, og det som ei stemme i motstrid til dei moderne krefte. Dette er kanskje det tydelegaste teiknet på at (deler av) teksten kan forståast som intensjonelt polemisk.

### Nøkkelomgrep i høve kategoriinndeling, modell og forteljing

Eg har valt ut tre nøkkelomgrep frå det føreliggjande SFL-materialet: Jødisk, autoritet og modernitet. Desse vil eg analysere i høve omgrepa *kategoriinndeling*, *røynd-modell* og *forteljing* frå kritisk diskursanalyse. Vi såg av kohesjonsrekkjene at jødar generelt vert framstilt som rike, vennelege og ikkje til å stole på. Andre folkeslag vert handsama mildare og stort sett positivt i teksten, med unntak av armeniarar, britar og amerikanarar. Oppfatninga av det jødiske som noko negativt ser vi held seg gjennom heile teksten, og det jødiske er jamvel framsett som negativt i seg sjølv. Men slike haldningar var vanlege i samtida og verken særlege eller sentralt for Hamsun (Rem 2014, 128). Metaforikken knytt til jødane i denne teksten var truleg langt på veg naturalisert i tidas språkbruk og diskursteoretisk kan ein slik sjå Hamsuns syn som meir eller mindre «common sense» (Fairclough 1992, 87/92). Vi kan då gå utifrå at forfattaren meiner at dette er ei oppfatning han og lesaren deler. Jøden er slik i seg sjølv eit topos. Likevel må vi seie, i følgje med både SFL og kritisk diskursanalyse, at Hamsun har valt dei metaforar og dei adjektiv han knyter til jøden (han kunne valt annleis). I SFL-analysen ser vi at det er påfallande færre referansar til jødar i del 2 enn i dei andre delane. Kanskje er dette fordi det i denne delen, inne i sjølv eventyrlandet, heller vert gitt plass til eit land og eit folk han idealiserer.

Hamsun går langt i å idealisere totalitær autoritet i samband med folkeslag. Hamsun er fascinert av Napoleon, og idealiseringa av autoritet er i reiseskildringa knytt til dette.<sup>3</sup> Det russiske folk, som eit folk med anlegg til avsporing og «urimeligheter» (1903, 117) treng å bli styrt av ei sterk hand, meiner Hamsun, som knyter Napoleon til Tsarveldet (32). «Tsarordet» er den hovudmetaforen autoritet vert kopla til i teksten, og denne er knytt til ei forteljing om Nikolai den 1., som eingong var forfølgd av ei menneskemengd i St Petersburg, men som vende mot dei og befalte «På kne!» – og dei lydte. Forteljinga og metaforen arbeider saman for å kople forarstemma til ideen om totalitær styring. Napoleon er her topos. Hamsun knyt seg til ein modell der ein nasjon er avhengig av slik styring for at samfunnet skal fungere. Når det gjeld Hamsuns idealisering av Napoleon, så veit vi at den vart delt av stadig fleire mot slutten av 1800-talet (Rem 2015, 40). Frå 1890-talet av er det aukande politisk og folkeleg stemning for unionsoppløysing i Norge. Den norske nasjonalismen var i utgangspunktet stort sett fredeleg og tufta på ideala frå opplysningstida (Hagemann 2005, 275). Men andsynes moderate norske politikarar vil nasjonalisten Hamsun kanskje nettopp formidle farane ved svak styring.

I høve «modernitet» er «kappløp» og «brøl» to viktige metaforar som etablerer ein dikotomi mellom det naturlege livet i Kaukasia og industrialismen frå den anglosaksiske verda. Industrialismen, men òg marknaden, forbrukarkulturen og bankvesenet som følgjer med, samt stress relatert til tid, vert her eins med modernitet. Det rolege, gudfryktige og enkle liv i fjella som Hamsun har observert og erfart på si ferd gjennom Kaukasus, står i skarp motstrid til dette. Det gjeld òg den råde livskrafta i koplinga mellom menneske og natur. Eit døme på dette er forteljinga om korleis ein daud hest vert partert og spist. Hamsun skildrar dette som eit overskridande ritual, der parteringa er knytt til trå og eld i augo (1903, 60/64/65). Hestekjøtet har jamvel lækjande kraft. I avsnittet etter koplar Hamsun hendinga til den mektige naturen (som minner om Norge) og refleksjonar over skaparverket. Det er ein «*dyp og trollsk værden [...] det vidunderligste av alle verdens Lande*» han er komen til (65). På dei neste sidene følgjer ei forteljing om korleis han aleine tek seg fram til ein landsby på hest. Forteljinga om landsbyen kan mellom anna lesast som ironisering over romantisk orientalisme og det utvendige blick på andre sitt

<sup>3</sup> Fascinasjonen heng saman med motstanden mot britisk makt. Rem peikar jamvel på at det kanskje er ein ny Napoleon Hamsun seinare ser i Hitler (2015, 212-213).

levesett (t.d. 69). Slik synest Hamsun å ville sannsynleggjere det tvilsame med slik verksemd i motsetnad til direkte kontakt og erfaring med livets eigen kraft.

Det er først i møte med lokal heilagdom knytt til eld-tilbeding ved oljekjeldene at Hamsun introduserer det amerikanske brølet som motpol. Også dette temaet er det knytt forteljing til. Tekstutdraget i frå del 3, er eit døme på dette. Her fortel Hamsun om korleis bråket frå den moderne fabrikkindustrien skremmer han på flukt. Ei anna forteljing knytt til dette problemkomplekset handlar om då Hamsun skal i banken. Her peikar han på at bankvesenet tek ei anna rolle enn den butikk-rolla det reint faktisk har, og får slik fram at banken ikkje er til å stole på. Dette koplar han til «...*underdanigheten overfor pengene...*» (1903, 155). Slik kan vi lese ein røynd-modell ut av måten Hamsun vel å uttrykkje seg på. Hamsun set det naturlege livet, representert ved det livskraftige bondesamfunnet i Kaukasia (som han også koplar til det norske) opp i mot den vestlege sivilisasjonens framandgjerande og suspekte industrialisme og kapitalisme. Slik koplar han seg til ein modell som set vitalisme opp i mot modernitet. Dette kan knytast til kulturkritiske tankestraumar i Hamsuns samtid (Boasson 2016). Norge ved århundreskiftet var prega av ambivalens i høve samfunnsending og modernitet. Mange helste industrialismen velkomen, men mange var òg skeptiske til utviklinga (Hagemann 2005, 209). Det er kanskje her Hamsun treng si argumentative kraft mest.

Vi ser at nøkkelorda jødisk, autoritet og modernitet ved hjelp av kategoriinndeling og forteljing får fram røynd-modellar i teksten som det er rimeleg å tru at forfattern enten reknar med lesaren deler eller burde overttydast om. Det er i høve denne konteksten ein kan forstå skildringa som intendert overttydande. At Hamsun nok nytta forfattarskapen ideologisk har då elles også vorte peika på i nyare forskning (Dingstad 2021, 19-21, 434). Det å samanfatte retoriske poeng med ein slik bruk av verkemiddel og få dette publisert i ein populær sjanger under eit kjent forfattarnamn, gjer *I Æventyrland* til ei diskursiv retorisk hending. *I Æventyrland* er slik ein tekst som utøvar ein diskursiv praksis, og som utgjeven tekst også ein sosial praksis i den forstand at haldningar og identitetar den målber kan påverke eller verte ytterlegare sementert hos lesarar (Fairclough 1992, 71-72). Boka er skriven i ei omveltingstid og det er difor ikkje usannsynleg at ho også var tenkt å ha denne funksjonen, sjølv om Hamsun (1903, 122), kanskje strategisk (jf. aptum), polemiserer mot diktarar som grip «*overvældende ind i Tidens Aandsliv*».

### Oppsummering

Ut frå analysane kan vi sjå at Hamsun idealiserer det jordbundne livet i kontrast til moderniteten etterkvart som reisa i Kaukasus skrid fram. Vi ser òg at teksten har klare ideologisk-retoriske trekk, særskilt når det gjeld autoritet og modernitetskritikk. I del 1 vert reisa skildra gjennom perseptive prosessar knytt til naturen Hamsun reiser forbi og affektive, kognitive og perseptive prosessar knytt til folkeslag, då særskilt positive skildringar av kaukasiske folkeslag opp mot negative skildringar av det jødiske. I del 2 fann vi ei markant auke av mentale prosessar i verba. Dette kan knytast til idealiseringa av det enkle bondelivet i Kaukasus og Norge, sett opp i mot trekk ved det moderne Europa og Amerika (kapitalisme, tidspress og forbrukarkultur). Del 3 er særmerkt av at dette refleksive nivået uttrykt gjennom mentale prosessar får fram ein kritikk av den vesterlandske moderniteten representert ved engelsk og amerikansk kultur.

Tek vi reiseskildringa sin opphavlege undertittel på alvor, må vi anta at den inneheld både noko erfart og noko fabulert. Men vi kan ikkje ut frå tekstanalyse aleine avgjere om forfattern Hamsun planla at protagonisten Hamsun skulle få erfare og innsjå særskilte meiningar og livssanningar forfattern alt hadde, eller om reisa faktisk innebar ei oppvakning for forfattern sjølv. Likevel syner analysen at lesne førebuingar vert bytt ut med erfaring frå og med del 2.

Hamsun har ikkje vore i nordland på tju år, og det er tydeleg at reisa aktiverer minner og leiar til refleksjonar. Ved hjelp av kritisk diskursteori såg vi at både tankar om jøden, om autoritet og modernitet i større eller mindre grad er knytt til etablerte røynd-modellar. Men Hamsun brukar desse ideologisk-retorisk: I del 1 argumenterer han for det frie krigerske urfolk i pakt med naturen, noko han knyt til det norske, og så set opp mot moderniteten i del 2. I del 3 spissar og utvidar han kritikken med særskilt brodd mot industrialismen. Jødar, engelskmenn og amerikanarar fungerer som motpol til kosakken som symbol på det ekte og naturnære livet. Autoritær styring vert framstilt som ideal.

Modernitetskritikken synest i stor grad å byggje på vitalismen som kjem fram i skildringane av natur og folk i løpet av reisa. Hamsuns særskilte orientalisme kan sjåast på som del av dette. Vi kan seie at Hamsun her på særskilt vis koplpar seg på ein røynd-modell henta frå vitalistiske straumdrag i samtida. Det er slik eit klårt samspel mellom situasjonskontekst og kulturkontekst. Autoritær leiing, einskap og det jordbundne livet står fram som ideal i teksten. Ser vi dette i samanheng synest vitalismen Hamsun ber fram i teksten å vere reaksjonær. Hamsun synest altså med reiseskildringa *I Æventyrland* å slutte seg til, men òg retorisk bruke, visse røynd-modellar i samtida på eit vis som også gjer han til ein medprodusent av diskursane dei er del av. Han vel å publisere dette i ein tekst i den populære (og ikkje nøytrale) reiselitteratur-sjangeren. Uansett om ein vel å lese *I Æventyrland* som «drømt» eller «oplevet», er det sannsynleg at dei klare ideologisk-retoriske trekka var medvitne.

## Litteraturliste

- Boasson, Frode Lerum. 2016. "Reaksjonær vitalisme – Hamsuns vitalistiske poetikk". *Nordlit: Hamsun i Tromsø VI*, 04/07/2016, 38. <http://dx.doi.org/10.7557/13.3754>
- Boasson, Frode Lerum & Malvik, Anders Skare. 2019. «Digital humaniora, mediehistorie og litterære subjektivitetsuttrykk. Om forholdet mellom norsk litteratur og utviklingen av den kommersielle pressen 1855–1900 i et DH-perspektiv». *Norsk Litteraturvitenskapelig Tidsskrift*. 04/10/2019. 22. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/issn.1504-288X-2019-02-03>
- Dingstad, Ståle. 2021. *Knut Hamsun og det norske Holocaust*. Oslo: Forente Forlag AS.
- Eggins, Suzanne. 2004. *An introduction to systemic functional grammar*. London & New York: Bloomsbury Academic.
- Fairclough, Norman. 1992. *Discourse and Social Change*. Cambridge: Polity Press.
- Ferguson, Robert. 1996. *Gåten Knut Hamsun*. Oslo: Aventura Forlag.
- Fjågesund, Peter. 2020. "The transgressive Narratives of Hamsun's In Wonderland". I *Nordlit: Hamsun i Tromsø VII*, 22/12/2020. 47. <https://doi.org/10.7557/13.5263>
- Fowler, Roger. 1986. *Linguistic Criticism*. Oxford: Oxford University Press.
- Grue, Jan. 2011. "Maktbegrepet i kritisk diskursanalyse: mellom medisinske og sosiale forståelser av funksjonshemming". I *Diskursanalyse i praksis. Metode og analyse*, redigert av Tonje Raddum Hitching, Anna Birgitta Nilsen og Aslaug Veum, 116-135. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Hagemann, Gro. 2005. *Det moderne gjennombrudd 1870-1905*. Oslo: Aschehoug.
- Halliday, Michael. & Matthiessen, Christian. 2014. *Halliday's Introduction to Functional Grammar*. London & New York: Routledge.

- Hamsun, Knut. 1903. *I Æventyrland*. I *Knut Hamsun: Samlede verker*. Bind IV. Kristiania & København: Gyldendals Forlagstrykkeri.
- Kjeldsen, Jens Erik. 2006. *Retorikk i vår tid*. Oslo: Spartacus.
- Loria, Kakhaber. 2020. «Hamsuns I Æventyrland i et 'grenselandsperspektiv'». I *Nordlit: Hamsun i Tromsø VII*, 22/12/2020. 47. <https://doi.org/10.7557/13.5658>
- Maagerø, Eva. 2005. *Innføring i funksjonell lingvistikk for studenter og lærere*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Melberg, Arne. 2005. *Å reise og skrive. Et essay om moderne reiselitteratur*. Oslo: Spartacus.
- Oxfeldt, Elisabeth. 2005. "Orientalske reiseskildringer." I *Den litterære Hamsun*, redigert av Ståle Dingstad, 105-123. Bergen: Fagbokforlaget.
- Pratt, Mary Louise. 1992. *Imperial Eyes: Travel Writing and Transculturation*. London & New York: Routledge.
- Rem, Tore. 2014. *Knut Hamsun: Reisen til Hitler*. Oslo: Cappelen Damm.
- Rønning, Anne Birgitte. 2014. «I skyggen av kanon. Empiri som utfordring i feministisk litteraturforskning». *Edda*, 11/12/2014, 114, 278–291. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/ISSN1500-1989-2014-04-02>
- Samad, El Soha. 2020. "Hamsuns liminality: In Wonderland as counter-discourse". *Nordlit: Hamsun i Tromsø VII*, 22/12/2020. 47. <https://doi.org/10.7557/13.5640>
- Storskog, Camilla. 2011. "The play with genre: Knut Hamsun's I Æventyrland (1903)". *Folia Scandinavia Poznan*, 01/01/2011, 13.
- Taranco, David. 2023. "Rhetoric in Travel Writing: A Tool to Enhance Verisimilitude and Persuade Readers". I *Routledge Handbook of Descriptive Rhetorical Studies and World Languages*, redigert av Weixiao Wei og James Schnell. London: Routledge. <https://doi.org/10.4324/9781003195276-32>
- Vassenden, Eirik. 2012. *Norsk Vitalisme: Litteratur, ideologi og livsdyrking 1890-1940*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Wærp, Henning Howlid. 2005-2006. "Knut Hamsun as a Travel Writer: In Wonderland." *Scandinavian-Canadian Studies / Etudes Scandinaves au Canada*, 01/01/2006, 16.
- Zagar, Monika. 2009. *The Dark Side of Literary Brilliance*. Seattle & London: University of Washington Press.

## Appendix

(utdrag frå FSL-analysen)

Mentale prosessar i del 1 (utval)			
føle/føler/følte	2	ane/aner/ante	1
tænker/tænke/tænkte	20	mærke	5
se/ser	96	Synes	9
huske/husker/husket	7		

(Fig.1)

<b>Leksikalsk kohesjon del 1, rekkjer (nummereringa i parentes viser til sidetal):</b>	
Jøde/jødisk	tyk, lapsete manerer, taler...høit og dristig, med feil, ubehagelig (16), armeniske jøder, handelsmænd, rikfolk (18), meget vakre, gildings ansikt, laskete krop, ublandet motbydelig indtryk (19), uvæsenet (sang), mere fugl enn menneske (stemme) (26), +10
Autoritet (som ideal)	adlyder, befale, adlød, Napoleon, henrykkelse, nytelse, befalingen, underet, Tsarordet (32)
Natur	skog, sti, mand, glæde, slette, buskap, hyrden (5), et stort træ, træet, utallige halm- og høistakker, kvæghjorder græsser (19), +30
Kosakk	steppeboeres poesier, forskjellig, stedets urbeboer, kriger, «fri mand», bebod sit eget land, eier...fruktbar jord, fritatt for skatter, dyrker, jager, kontingent i den tapre russiske hær (27)
Kaukasier/Kaukasisk(e)	kaukasiske tatarer (23), de (gode) kaukasiske druer (31), Kaukasiske feber (41), kaukasisk feber, kaukasisk veggelus (45)
Folk/folkeslag	nasjonalgardister/adelsmenn (2), bønder (4), gamle (sterke) slavere (12), folk som tygger solsikkekjerner (19), +11
Moderne/modernitet	hus – utallige, moderne sveitsiske, kjedelige. (15), mann – europeisk frakt, moderne, elegant. (42)
Minne/husker/husket	hjemmelig (5), husket (barndomsminne) (34), burde husket (40)

(Fig. 2)

### **Tekstutdrag del 1 (s 27):**

1 Av alle Steppeboeres Poesier er vel Kosakkens inder-  
 2 ligst følt og skjønnest sungne. Verken om Kalmukens  
 3 eller om Kirgisens eller om Tatarens stepper er sagt saa  
 4 skjønn og kjære Ord som om Kosakkens. Og dog er  
 5 Steppen saa nogenlunde ens for alle disse Folk paa  
 6 Ruslands vide jord. Men Kosakken er forskjellig fra  
 7 de øvrige Steppeboere. For det første er han Stedets  
 8 Urbeboer, mens de andre er Indvandrere, nogen Lev-  
 9 ninger av den «gyldne», andre av den «blaa» Horde.  
 10 Dernæst er han Kriger, mens de andre er Hyrder og  
 11 jorddyrkere. Han har aldrig været Træl under en  
 12 Khan, en Pan eller en Bojar, det har de andre. «Kasak»  
 13 skal bety «fri mand», har jeg læst.

<b>Prosesstypar i tekstutdrag frå del 1</b>				
<b>Materiell</b>	<b>Mental</b>	<b>Verbal</b>	<b>Relasjon</b>	<b>Eksistens</b>
Fysisk/fysiologisk prosess, eventuelt i abstrakt rom	Kognisjon, emosjon, persepsjon	Produksjon av tydingar	Klassifisering/ identifikasjon	Noko eksisterar

sungne (2)	følt (2), læst (13)	skal bety (13)	er vel (1), er sagt (3), er steppen (4/5), er forskjellig (6), er han (7), er innvandrere (8), er hyrder (10), er han (10), har aldri vært (11)	
------------	---------------------	----------------	---	--

(Figur 3)

<b>Mentale prosessar i del 2 (utval)</b>			
føle/føler/følte	5	ane/aner/ante	0
tænker/tænke/tænkte	35	mærke	3
se/ser	86	synes	21
huske/husker/husket	6		

(Fig.4)

<b>Leksikalsk kohesjon del 2, rekkjer (nummereringa i parentes viser til sidetal):</b>	
Jøde/jødisk	bedrager, (tykk) officer, pengeutpressing (99)
Autoritet (som ideal)	kabarderne (uforsønlige folk) (49), den kaukasiske kvinne blir (feil) kontrollert (71), nødvendigheten av Tsarordet overfor det russiske folk (93).
Natur	vældige fjelde (48), spesielt for Kaukasus: variasjon mellom nakne berg og berg dekket av busker og trær, nordisk bjørk (49), +11
Kosakk	
Kaukasier/Kaukasisk(e)	kaukasiske kristendom (59), feber, ikke-russer, fjell, stammer (55), (henrivende) tæpper, +7
Folk/folkeslag	molokaneren, franskmenn (48), arbeidere og andre som kler seg som tsjerkessere, +13
Moderne/modernitet	å sove i senger er råtenskap (67), kvinnebevegelse (74), kaukasieren kjenner...intet kappløp (med tiden), men europeeren og amerikaneeren er ikke større mennesker av den grunn (94), det beste er å leve avsides og enkelt (91).
Minne/husker/husket	den (sterke) nordiske bjørk (49), barndom i Nordland (51), haglebygger på den amerikanske prærien (53), solnedgang i Nordland (65), +12

(Fig. 5)

**Tekstutdrag del 2 (side 94):**

- 1 Denne verden er ikke
- 2 som noen annen Verden jeg kjender og det kommer
- 3 atter dertil at jeg kunde villet være her for livet. Vi er
- 4 nu dalet saa langt ned at Vinen begynder igjen og det
- 5 er Nøtter i Skogen og Solen og Maanen skinner omkap.
- 6 Man er hjælpeløs foran denne herlighet, og levet man
- 7 her kunde man se den hver Dag og slaa sig for sit Bryst
- 8 av Forundring. Folket her har utholdt Kampe som
- 9 truet med at lægge det øde, men alt har det overvundet,

10 det er stærkt og sundt, det florerer, det er i dag et Folk  
 11 paa ti Millioner i alt. Kaukasieren kjender vel ikke New  
 12 Yorkerbørsens Hausse og Baisse, hans Liv er intet Kap-  
 13 løp, han har tid til at leve og kan slaa Maten ned av  
 14 Trærne eller slagte sit Faar at leve av. Men Euro-  
 15 pærne og Yankee`erne er dog større Mennesker?

<b>Prosesstypar i tekstutdraget frå del 2</b>				
<b>Materiell</b>	<b>Mental</b>	<b>Verbal</b>	<b>Relasjon</b>	<b>Eksistens</b>
Fysisk fysiologisk pro- cess, eventuelt i abs- trakt rom	Kognisjon, emo- sjon, persepsjon	Produksjon av tydingar	Klassifisering/ identifisering	Noko eksis- terar
kommer (2), dalet (4), begynder (4), skinner (5), levet (6), slaa (7), truet (9), at lægge (9), overvundet (9), florerer (10), har tid til (13), slaa (13), slagte (14)	kjender (2), kunde villet (3), kunde man se (7), forundring (8), har utholdt (8), kjender (11)		er ikke (1), være her (3), er nu dalet (3), er hjel- peløs (6), er sterkt (10), er intet (12), har...leve (13), er dog (15)	er nøtter (5) at leve av (14)

(Fig.6)

<b>Mentale prosessar i del 3 (utval)</b>			
føle/føler/følte	1	ane/aner/ante	1
tænker/tænke/tænkte	21	mærke	3
se/ser	74	synes	17
huske/husker/husket	3		

(Fig.7)

<b>Leksikalsk kohesjon del 3, rekkjer (nummereringa i parentes viser til sidetal):</b>	
Jøde/jødisk	litt tykk, jødisk utseende (104), jøden – kunne legitimere sig, en far- lig affære (107), svindle (131), +8
Autoritet (som ideal)	
Natur	vide flater, det grønne land, mais, frugtbart, Pyramideppler, pil, vilde frugttrær, aaserne er lave, fjilde langt borte, +33
Kosakk	Skarpladd forfølger (140), med sin kosak (142)
Kaukasier/Kauka- sisk(e)	feber (100), sover ikke, dragt med våpen (116), tepper (127), vin (134), feber (137), spisesal (161)
Folk/folkeslag	brite – selvgod, stum og likegyldig, naragtig (105), englænderen – ikke flytter sig (106), ikke giddet å se opp, undersøkte sit øye (107), taus og forlatt (108), den lille briter - gjøre mig til luft, +61

Moderne/modernitet	petroleumsvogner (tog) (113), dampmaskiner, petroleumsfirmaene, dampsporvognen (136), +18
Minne/husker/husket	blanke mine sko (115), Flere russiske diktere (117), syttiaarene (121).

(Fig. 8)

**Tekstutdrag del 3 (s 137)**

1. Ingeniøren viste mig omkring i den vældige Forret-
2. nings mange Gaarder og Værksteder og Kontorer. Fir-
3. maet har sine egne Smier, Støperier, Tømmerværkste-
4. der, Modelsnekkerier, Tegnekontorer. I flere av disse
5. Anstalter er Finner, Svensker og Dansker ansat. Ingeni-
6. øren viste mig ogsaa omkring i Fabrikerne. Her var
7. Eldovner saa forfærdelige at jeg blev forvirret, Heten
8. bragtes op til 400 grader. Det var Hvitglød og det
9. væltet en Lyd ut av denne rasende Eld som syntes at
10. spinde som Hjul. Jeg ilte tilbake til Døren forfulgt av
11. denne hvite Susen og stanset i et værksted hvor jeg
12. atter kunde se og høre paa menneskelig maate.
13. Ingeniøren gav mig Oplysninger om alt. Men da jeg
14. vilde notere bad han mig venligen om at la dette
15. være. [...]

<b>Prosesstypar i tekstutdrag del 3</b>				
<b>Materiell</b>	<b>Mental</b>	<b>Verbal</b>	<b>Relasjon</b>	<b>Eksistens</b>
Fysisk fysiologisk pro- sess, eventuelt i abs- trakt rom	Kognisjon, emo- sjon, persepsjon	Produksjon av tydingar	Klassifisering/ identifisering	Noko eksis- terar
viste mig (1), viste mig (6), bragtes (8), væltet (9), at spinde (10), ilte (10), forfulgt (10) stanset (11), gav (13) la være (14/15)	syntes (9), kunde se (12), høre (12), vilde (14),	notere (14,) bad (14)	har sine (3), er ansatt (5), blev (7)	var (6), var (8)

(Fig.9)